



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Vestnes kommune  
Brugata 10  
6390 VESTNES

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
PLAN-22/00090-10	26.07.2022	119244/2022/REGULERINGSPLAN/1535	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	07.09.2022

## Vestnes kommune - detaljregulering - privat reguleringsplan for Vik-Selnes – fråsegn til offentleg ettersyn

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

Saka gjeld detaljregulering for endring av detaljreguleringsplan Vik-Selnes og utgjer om lag 22,5 dekar. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

### MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

#### Kulturminne frå nyare tid

Vi viser til førre uttale og kor vil tilrådde ombruk av småbruket «Solbakken». Vi vil fortsett rå i frå riving sjølv om huset ikkje har formell vernestatus.

Anlegget kan inngå i eit nytt bustadområde som ein verdi i nærmiljøet kulturhistorisk og estetisk, og vere noko som bind saman tidlegare bruk av området saman med notida.

#### Barn og unge

Omsyn til nærleikeplass og rekkefølgjekrav til nærleikeplass er tatt i vare i planomtalen og reguleringsføresegnene.

Det kjem ikkje klart fram av oversendinga kor mange einingar som er tenkt oppført, og vi minner difor om det som kjem fram i Vestens kommune sine føresegner i kommuneplanen sin arealdel når det gjeld områdeleikeplassar;

*Områdeleikeplassar skal bli sett av i alle områder der det vert etablert 30 eller fleire bueiningar. Alle bueiningar skal innan gangavstand på 3-500 meter ha ein områdeleikeplass med storleik på 1000 - 1500 m<sup>2</sup>*

Når det gjeld nærare utforming og plassering av areal for opphald og leik, når vi til at ein ser nærare på utformingskrava i Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging/rundskriv T-2/08.

### **Universell utforming**

Universell utforming er utforming av omgjevnader på ein slik måte at dei kan nyttas av alle menneske, i så stor utstrekning som mogleg, utan behov for tilpassing og spesiell utforming. Nærmiljø er ein viktig arena for leik, møte naboar, skape trivsel og tillit, og utforming av nabolag kan vere med på å leggje til rette for økt sosial kapital. Nokre tips til universelt utforma uteareal kan ein finne her:

<https://www.ks.no/contentassets/b3b7ed461beb434f8615c0c92a5a1f1e/UUOpparbeidetUteareal.pdf>

### **KONKLUSJON**

Ber om at merknadane ovanfor blir tatt omsyn til i den vidare saksbehandlinga.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Ingeborg Forseth  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Fagsaksbehandlar

Kulturminne frå nyare tid: arkitekt Ola Hjelen, tlf. 71 28 05 14

Kopi:  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statens vegvesen  
NVE